

80 år

Maj Hillevi Seim, Dale, fyller 80 år fredag 20. januar

50 år

Sverre Folkedal, Granvin, fyller 50 år i dag torsdag 19. januar
Frezghi Woldetensae Ogbakristus, Dale, fyller 50 år i dag torsdag 19. januar

■ **Til lukka**



Me vil gratulera **OLVE NEDREVÅG ESPELID** med 1-årsdagen i dag! Masse klemmer fra **Pappa, Mamma, Kai og Agnete**



Gratulera så masse med 1-årsdagen din **OLVE NEDREVÅG ESPELID** Masse klemmer fra **Besten**



Gullguten vår **EVEN JORDALEN SLEEN** fyller 1 år 20. januar. Me er kjempeglade i deg. God klem frå **besten og bestemor. Oldemor og oldefar på Sleem og oldemor på Vinje. Tanter og onklar i Oslo og Australia klemmer også.**



JONAS KVANDAL FRØYSTEIN fylte 7 år onsdag 18. januar. Stor klem og gratulasjon frå **besto i Ulvik**

HUGS FULLT NAMN

på den du vil gratulera når du tingar «Til lukka».

Hugs også namn/adr. på rekningsbetalar.



www.avis-hordaland.no

MAT UTDANNING HELSE

Ein menneskerett!
Ring 22 22 22 99
og bli fast giver.



■ **Goabadne**



Hilde Olde og Sverre Nessestrand fekk ei jente, Yva, på KK i Bergen 1. oktober 2016. Ho var 2985 gram og 49 cm. Elias (2) er stolt storebror.

Une Aina Bastholm til MDG Voss

VOSS: Årsmøtet i miljøpartiet vil bli halde på den nye vidaregåande skolen i Skulestadmoen måndag 23. januar. Det aller viktigaste er at me får besøk av Une Aina Bastholm, nasjonal talsperson for partiet. I ein alder av 31 år har Une rokke over svært mykje. Før ho i 2016 vart vald til nasjonal talsperson, var ho politisk rådgjevar for Dei Grøne på Stortinget i tre år. Ho er første vararepresentant til tinget, og i dei korte periodane ho har møtt der, har ho vore utruleg aktiv i debattar. Tidlegare har ho mellom anna vore medlem av sentralstyret, og leiar av Oslo MDG. Ho er opptatt av mobilisera langsiktig entusiasme for grøn politikk. Det vil det bli innlegg av Une og svar på eventuelle spørsmål før sjølve årsmøtet. I løpet av kvelden vil det vonleg bli høve til å snakka nærare med henne. På årsmøtet vil det bli ei enkel servering.

FOR STYRET I MDG VOSS,
EINAR BARDAL, STYREMEDLEM

Jordvern, reiseliv, lokalmat og naturskadar

ULLENSVANG: Programmet er breitt når Fylkesmannen i Hordaland ber kommunane inn til landbrukskonferanse 14.-15. februar på Ullensvang Hotel. Mellom dei som held føredrag er landbruksdirektør Åse Vaag, Ullensvang-ordførar Solfrid Borge, Matarena-styreleiar Nils T. Bjørke, Matmerk-adm. dir Nina Sundquist, Landbruksdirektoratet sin seksjonssjef Gunn Eide, og mange fleire. Avd.direktør Kristin Orlund i Landbruks- og matdepartementet stiller spørsmålet: Politikk for vekst i landbruket, kva betyr det for bonden på Vestlandet?

Grøderikt miljø i

I fellesskap skal det dyrkast nye idear, nye arbeidsplassar og inntekter. Destinasjon Voss og Næringshagen på Voss er i ferd med å samla eit grøderikt mangfald under same tak.

– Frå å vera fem personar her for snart eitt år sidan, er me komne så langt at det no er trøngt rundt lunsjbordet, seier dagleg leiar i Destinasjon Voss Mona H. Hellesnes nøgd.

I dei tidlegare postlokala i Sosialbygget er det no folk i dei fleste kontora som er bygde, og fleire er ventande. Her held Næringshagen på Voss hus med fire tilsette, Myrkdalen Fjellandsby AS har kome flyttande med 5-6 personar, David Inge Tveito i Captiva Asset Management leiger kontor, og no på nyåret har Jon Gjerde kome på plass med Kitemill. Næringshagen har tilrettelagt eit gründerkontor, der både Innovasjon Norge med Sveinung Dukstad er å finna denne dagen, saman med Øystein Ormåsen med sitt firma Villsnø. Aurland Ressursutvikling har også ein plass her. Frå april vil Voss Resort òg verta ein del av miljøet, med kontor her.

– Det er av og til me må leika stolleiken i lunsjen, kommenterer Mona H. Hellesnes blidt.

Frode Rokne som er leiar for Næringshagen understrekar at det å vera samla på denne måten innbyr til samarbeid, og til utnytting av kompetanse.

– Me får ein kvardagsdynamikk av å vera tettare på kvarandre.

Inspirerende

Harald Haaland i Myrkdalen Fjellandsby synest det verkar skjerpande å vera del av eit miljø med likesinna. Før hadde dei kontor for seg sjølve, på Vangen.

– Det vert lufta idear over lunsjbordet, me ser nye moglegheter, og me er meir effektive enn før. Tidlegare måtte me ta på sko for å få ein prat med Destinasjon Voss, til dømes.

Mona H. Hellesnes merkar godt skilnaden frå før dei nye leigetakarane flytta inn.

– Det har vorte eit heilt nytt arbeidsmiljø, ein annan energi, med daglege diskusjonar og



kontakt både med aktørar som Myrkdalen og med gründermiljø. Det er veldig bra!

Næringshagen spelar ei sentral rolle i miljøet som er i ferd med å utvikla seg i bygget.

Eit nav i miljøet

– Me har fått ekstramidlar frå Siva (Selskapet for industrivekst SF) til å byggja ein innovasjonshub, der me set saman miljø med deltakarar frå etablert næringsliv, med gründerar, næringshage og destinasjonsselskap, og frå andre samarbeidspartnarar og verkemiddelapparat, seier dagleg leiar Frode Rokne.

– Målet er at deltakarane skal stimulera kvarandre til utvikling

og vekst. Her er leigetakarane valde for å kunna utfylla kvarandre, og for i neste omgang å kunna gjennomføra tiltak i fellesskap.

Ifylgje Rokne er det eit krav om samlokalisering knytt til etablering av ein næringshage. Med andre ord ligg det ein medviten strategi bak det som no er i ferd med å skje i desse lokala.

– Me vil gjerne få fortalt at det ligg ein plan bak dette som skjer her no, for å skapa eit miljø og kraft til utvikling framover, supplerer Mona H. Hellesnes.

– Det gjeld innan reiseliv, men også andre næringar kan nytta godt av det, meiner ho.

Sjølv om miljøet er relativt

Hardanger-landskap av nasjonal interesse

EIDFJORD: Ni område i Hordaland er med i registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Mellom desse er Eidfjord, Indre Sørfjorden i Odda og Ytre Sørfjorden i Ullensvang herad. Også Rosendal, Etne, Søre Bømlo,

Fitjarøyane, Byfjellene og Den Indre Farleia i Austreim, Lindås og Radøy kommunar er med i registeret, går det fram av fylkeskommunen si nettside. Fylkeskonservatoren peikar på at registeret i seg sjølv ikkje gjev noko formelt vern.

– Men rapportane peikar på verdiane som skal forvaltast, sårbarheitt, og dei gjev retningslinjer for ei god forvaltning av dei unike landskapa, seier konstituert fylkeskonservator i Hordaland, David Aasen Sandved.